



## 2.1.9

# Rettleiing for røystestyre

Val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Røystestyret har ansvar for å gjennomføre valet i kvar einskild røystekrins / kvart einskilt vallokale. Valstyret har ansvar for at det nødvendige utstyret er tilgjengeleg for røystestyret. Valstyret avklarar med røystestyret fordelinga av ansvaret for å setje opp utstyr og rigge til vallokalet, jf. 2.1.10 Utstyr og innreiing av vallokale (SR/BDR).

## Oppgåvene til røystestyret ved valtinget

- 1** Opne valtinget ved å orientere om reglane for røysting og erklære at røystinga kan ta til  
Ved opninga skal det orienterast om kven som har røysterett, korleis framgangsmåten er ved sjølve valet, kor mange som skal veljast, og kva rettingar som kan gjerast på vallista(-ene). Denne informasjonen skal også finnast skriftleg i vallokalet. Det blir utarbeidd rettleiande informasjonsmateriell til bruk i vallokalet. Dette blir tilgjengeleg på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no).  
På bordet med røystesetlar bør det også liggje brosjyrar med nærmare presentasjon av kandidatane (både til SR-valet og til BDR/KM-valet). Der det er aktuelt, bør omsetjing av rettleiinga på røystesetelen til det aktuelle samiske språket liggje saman med røystesetlane.
- 2** Syte for at røystesetlar, røystesetelkonvoluttar, omslagskonvoluttar og anna nødvendig utstyr (skrive-saker o.l.) er tilgjengeleg i vallokalet så lenge det er opne
- 3** Rettleie veljarane og syte for orden og ro i vallokalet, slik at det blir hemmeleg val
  - Veljarane må visast til rette slik at dei går igjennom prosedyrane ved valet i rett rekkjefølgje.
  - Røystestyret skal sjå til at det ikkje går føre seg valagitasjon i vallokalet eller i tilstøytande rom.
  - Røystestyret skal under ingen omstende tilrå bestemte kandidatar overfor veljarane.

- 4** Vise veljarane til bordet der røystesetlane er lagde ut  
Røystestyret syter for at det alltid er tilstrekkeleg med røystesetlar på bordet. Røystestyret kan rettleie veljarane om kva endringar som kan gjerast på røystesetelen ved val av sokneråd og ved val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

- 5** Vise veljarane ein røystebås eller ein del av vallokalet der dei

- usedde kan velje liste og gjere eventuelle endringar på røystesetelen ved val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet
- gjere eventuelle endringar på røystesetelen for soknerådsvalet
- brette røystesetlane saman

Røystestyret ser til at veljarane kan gjere dette uforstyrta.

- 6** Krysse av i manntalet etter at veljaren om nødvendig har legitimert seg, stemple røystesetlane og sjå til at veljaren legg røystesetlane i urna  
Når veljarane har bretta saman røystesetlane, tek dei røystesetlane med til

- valfunksjonæren, som kryssar av i manntalet og stemplar røystesetlane.
- valfunksjonæren kan krevje at ukjende veljarar godtgjer at han eller ho er den vedkomande gir seg ut for å vere, ved å vise legitimasjon.
- veljaren legg deretter røystesetlane i valurna i påsyn av valfunksjonæren.

Ustempla røystesetlar skal ikkje leggjast i valurna. Røystesetlar som ikkje er stempla, skal forkastast. (Ved oppteljinga skal førehandsrøyster stemplast når røystesetelkonvoluttane blir opna, før førehandsrøystesetlane blir blanda med dei andre røystesetlane.)

Dersom valfunksjonæren ikkje finn veljaren i manntalet,

- kan ein spørje om vedkomande veljar er busett i ein annan røystekrins i soknet. I så fall skal røystesetelen(-lane) leggjast i ein røystesetelkonvolutt og deretter i ein omslagskonvolutt der opplysningar om namnet, adressa og fødselsdatoen til veljaren blir lagde ved. Omslagskonvoluttane skal nummererast, og det skal først nummerert liste over desse røystene. Lista skal vere ein del av den rapporten røystestyret lagar frå valtinget.
- Det skal ikkje reisast tvist om røysterett på valtinget. Alle røyster frå veljarar som ikkje står i manntalet i vedkomande røystekrins, skal behandlast på same måten som førehandsrøyster. Før ein set i gang med oppteljinga, avgjer valstyret spørsmålet om røysterett for veljarane som ikkje står i manntalet i soknet. Omslagskonvoluttane skal nummererast, og det skal først nummerert liste over desse røystene. Lista skal vere ein del av den rapporten røystestyret lagar frå valtinget.

7 Syte for forsvarleg behandling av røystesetlar dersom valurna blir fylt opp

Røystesetlane skal då tømast over i ein behaldar eller pose som skal forseglast og ikkje opnast før han er frakta til lokalet der oppteljinga skal gå føre seg. Behaldarane/posane bør påførast eit nummer. Nummera skal først inn i rapporten frå røystestyret.

8 Avslutte røystinga og overlevere manntalslister, urner og eventuelle behaldarar med røystesetlar til valstyret

Dersom valet går over to dagar, syter valstyret for sikker oppbevaring frå den eine dagen til den andre, og for at urnene/behaldarane blir frakta ut til vallokala att.

9 Skrive rapport frå valtinget og overlevere rapporten til valstyret

Rapporten skal innehalde

- namnet på røystekrinsen
- valdagar og valstad
- tidspunkt for opning og avslutning av valtinget – eventuelt for kvar av valdagane dersom valet går over to dagar
- namn på medlemmene i røystestyret og leiaren i røystestyret, og oversikt over kven av medlemmene av røystestyret som har hatt vakt i vallokalet i kva tidsrom
- liste over røyster frå veljarar som har røysta i ein annan røystekrins innanfor soknet på valdagen, eller som ikkje står oppførte i manntalet i røystekrinsen, sjå pkt. 6
- eventuelle innvendingar mot at valet blir halde, saman med grunnen til innvendinga
- eventuelle skriftlege klager som blir sette fram under valtinget, og som skal sendast over til valstyret

## Kyrkjevalet og kommunestyre- og fylkestingsvalet

Røystestyret ved kyrkjevalet har eit ansvar for at det frå kyrkjevalet si side ikkje oppstår uvisse og forvirring i forhold til kommunestyre- og fylkestingsvalet. Dette er viktig, sidan kyrkjevalet kjem til å gå føre seg i lokale som ligg inntil vallokala ved kommune- og fylkestingsvalet, i eit tilstøytande rom, i det same bygningskomplekset e.l.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet omfattar alle røysteføre i landet. Det er no fastsett i kyrkjelova (§ 4 fjerde ledd) at kyrkjevalet skal gå føre seg dei same dagane og like i nærleiken. Det vil seie at kyrkjevalet blir invitert inn på arenaen for kommunestyre- og fylkestingsvalet, og at kyrkjevalet må innrette seg slik at det ikkje stel merksemd frå kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Det er viktig at røystestyret for kyrkjevalet opptre ryddig og korrekt, og at ein ikkje tek seg til rette på ein måte som forstyrrar gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet.

- Vala skal framstå som ulike val. Det skal ikkje oppstå uvisse om kva som er kva, og dei to vala skal ikkje kunne blandast saman.
- Det skal vere tydeleg skilting til kyrkjevalet, men skiltinga bør vere avpassa i forhold til skiltinga til

kommunestyre- og fylkestingsvalet. Ein bør avtale dette med kommunen på førehand.

- Ein skal syte for ro og orden i og omkring vallokalet, slik at ikkje kyrkjevalet og/eller kommunestyre- og fylkestingsvalet blir forstyrra.
- Dei to vala skal vere tydeleg skilde frå kvarandre dersom dei går føre seg i tilstøytande lokale.
- Same person kan ikkje vere med både i det kommunale røystestyret og i røystestyret/valstyret for kyrkjevalet.
- På førehand har fellesrådet gjort avtale med kommunen om kva lokale kyrkjevalet kan disponere.
- Oppstår det behov for utstyr eller praktisk hjelp under kyrkjevalet, er det det kyrkjelege valstyret og kyrkjeleg fellesråd som må løyse dette. Kommunen har ikkje plikt til å stille utstyr til disposisjon for kyrkjevalet, eller til å leggje tilhøva praktisk til rette (utover å hjelpe til med å finne eit høveleg lokale), men kommunen kan avtale å yte visse tenester til kyrkja. Kyrkjevalet kan ikkje krevje kommunal hjelp utover det som på førehand er avtalt mellom kyrkjeleg fellesråd og kommunen.